

Program Sula KrF

KrF er eit kristendemokratisk parti, bygd på sterke og trygge kristne verdiar – grunnmuren i det norske samfunnet. Det kristne menneskesynet legg til grunn at alle menneske er skapt med ukrenkeleg verdi og rettar. Nestekjærleiken forpliktar til radikal omsorg og solidaritet, fordi vi alle er menneske. Mens Forvaltaransvaret tilseier at miljøet og ressursane skal forvaltast ansvarleg til beste for alle menneske, både nolevande og komande generasjonar.

Hjertesymbolet for KrF er eit teikn på enkeltmenneske som blir sett i sentrum i vår politikk.

Vi er forplikta til det kristne menneskesynet, nestekjærleiksbodet og forvaltaransvaret. KrF byggj politikken på det kristne verdigrunnlaget.

Helse og Sosial

KrF Sula vil:

- At Sula skal ha gode og forsvarlege tenester i alle livets faser.
- Styrke kvardagsrehabiliteringa og heimebasert omsorg.
- Ha gode avlastningsordningar for familier med barn med nedsett funksjonsevne.
- Sikre familiar med barn med nedsett funksjonsevne ein kvalifisert koordinator.
- Bygge formålstenlege bustadar til personar med spesielle behov.
- Bekjempe rus som eitt av dei områda som sterkast påverkar barn og unge sin oppvekst.
- Stå for ein restriktiv ruspolitikk og jobbe for dette inn mot rusmiddelplanen.
- Jobbe for funksjonell samlokalisering av bukollektiv og institusjonsplassar.

Oppvekst

KrF Sula vil:

- At dei kristne grunnverdiane får ein sentral plass i skulane og barnehagane.

- Skulene skal gi elevane kunnskap om vår kristne og humanistiske kulturarv, og det religiøse mangfaldet.
- Arbeide for at det fortsatt skal leggjast til rette for Skulegudstenester.
- Legge til rette for kristelege skulelag.
- At lærartettleiken sentralt oppfyllast lokalt.
- At alle skulane i Sula Kommune skal ha ein strategi for å bekjempe mobbing og ha nulltoleranse for mobbing, diskriminering og hets på bakgrunn av etnisitet, religiøs tilknytning eller seksuell orientering.
- Fortsette satsinga på MOT-arbeid.
- Ha miljøterapeutar og helsesjukepleiarar i skulane.
- At barnehagane skal formidle kjennskap til vår kristne og humanistiske arv. Det bør bli gitt muligheit til markering av tradisjonelle høgtider som jul og påske.
- Ha fleksibelt inntak i barnehagane.
- Ha flest muleg felles planleggingsdagar for barnehagar og skular.
- Ha eit mangfald i barnehagetilbodet der det er plass for private.
- Tilføre skule, barnevern og PPT tilstrekkeleg kapasitet for å klare oppgåvene.

Næringsutvikling

KrF Sula vil:

- Legge til rette for attraktive næringsareal i heile kommunen.
- Legge til rette for at det fortsatt kan drivast handelsverksemd i sentrum.
- Behalde søndagen som ein spesiell dag og seie nei til ei generell søndagsåpning av butikkar.
- Påskynde løysinga av Veibustkrysset.
- Vere positiv til utviklinga av reiselivsaktivitetar.
- Ivareta bufferpersoner mellom industri og bustadar.

Samferdsel

KrF Sula vil:

- Ha miljøvennleg løysing på vegen mellom Vedde og Mauseidvåg.
- Legge til rette for tilstrekkeleg antal ladestasjonar for el-bilar.
- Vidareutvikle og forbetre hurtigbåt- og busstilbudet.
- Ha prioritering av gang og sykkelveggar.
- At nyinnkjøp av kommunale køyretøy skal ha ein miljøvennleg profil.

Miljø og friluftsliv

KrF Sula vil:

- Sikre god tilgang til naturområde for rekreasjon.
- Verne om våtmarksområda i Veddemarka.
- At Barnetrakket skal inn i reguleringsplanen.
- Sikre allmennheita si tilgang til strandsona.
- Ruste opp badeplassane i Sula kommune.
- Ha verning av dyrkbar mark.

Kultur, kyrkje og frivillege organisasjonar

KrF Sula vil:

- Støtte lag og organisasjonar som arbeider for barne- og ungdomstilbod i rusfrie miljø.

KrF ser det som mest formålstenleg at Sula fortsatt består som eiga kommune. Eigedomsskatt vektast i denne samanhengen.